

HISTORISK TIDSKRIFT  
(Sweden)

131:2 • 2011

# Urbana system och riksbildning i Skandinavien

GEIR ATLE ERSLAND\* *Universitetet i Bergen*

Erika Harlitz, *Urbana system och riksbildning i Skandinavien: en studie av Lödöses oppgång och fall ca 1050–1646* (Göteborg : Institutionen för historiska studier, Göteborgs universitet 2010). 172 s. (Summary in English: [untitled].)

Med avhandlinga "Urbana system och riksbildning i Skandinavien" vil Erika Harlitz bruka Lödöse til eit eksempel på samfunnprosessar som riksdanning og urbanisering i Norden. Harlitz begrunnar valet av Lödöse med plasseringa i eit grenselandskap og med dei tre fasane i byens historie: oppkomst, stordomstid og nedgang (s. 14). Dette utgjer byens "livscykel" fram til byen blir lagt ned i 1646, men Harlitz har hovudfokus på perioden 1150–1473 (s. 32). Som lokalt studieobjekt eksisterer det for Lödöse ein tradisjon frå slutten av 1800-talet. Carl af Ugglas *Lödöses historia och arkeologi* (1931) og Kristina Carlsson og Rune Ekres rapport i prosjektet Medeltidsstaden, *Gamla Lödöse* (1980), er Harlitz viktigaste referansearbeid.

Harlitz vil erstatta det nasjonale historiske perspektivet på bydanninga med eit regionalt. I det regionale perspektivet er det ein avgjerande premiss at Lödöse låg i eit område som var eit grenseområde mellom Norge og Sverige i mellomalderen og tidleg moderne tid, altså mellom to framveksande nasjonalstatar, og der den rådande oppfatninga er at det gjekk ei riksgrense langs Göta älv alt på 1000-talet (s. 15). Harlitz vil heller sjå Lödöses oppkomst og utvikling innanfor det norsk-svenske grenseområdet Glomma-Risveden som ein økonomisk og kulturell einskap (s. 30f.). Dette blir grunnlagt med at grunnlaget for urbaniseringsprosessen var ein regional økonomisk velstand som føresette tre element: befolkningstetthet, jordbruksoverskot og teknologisk, sosial, politisk og økonomisk spesialisering (s. 34).

Harlitz definerer mellomalderbyane som multifunksjonelle ettersom dei

\* Dr. art., førsteamanuensis i historia; fakultetsopponent

var økonomiske, politiske, religiøse og militære sentralstader (s. 42). Definisjonen legg til rette for Harlitz metode som er å undersøka karakteren av byens funksjonar, det vil seia om handelen var fjernhandel, regional eller lokalhandel (s. 44), deretter dei politiske funksjonane som kongelege besøk, myntinga og borga (s. 45). Harlitz testar sine funn mot ein modell kalla *det dynamiska urbana systemet* som skal måla Lödöses posisjon lokalt, regionalt eller innanfor større område (s. 50).

Tidlegare hypoteser om Lödöses oppkomst har føresett at bydanninga skjedde innanfor ei svensk riksdanning (s. 66). Harlitz hevdar derimot at Lödöse var ein fjernhandels plass med relasjon til ein norsk kongsgard på andre sida av Göta älv, og at den eldste utviklinga av byen var knytt til eit vegnett som var orientert aust-vest. Vidare tolkar Harlitz arkeologiske funn som eit uttrykk for at Lödöse tilhøyrd eitt vestsandinavisk kulturområde (s. 73). Alt før riksdanninga var dette ein etablert region som strekte seg frå Glomma i Østfold til Risveden i Västergötland (s. 57). Harlitz stiller opp ein hypotese om Lödöses oppkomst der byen var ein norsk by danna i nærleiken av eit framveksande svensk rike (s. 74).

Kapittel 3, "Lödöses politiska funktioner", er avhandlingas sentrale kapittel. Harlitz testar Lødesøs utvikling mot modellen for det dynamiske urbane systemet gjennom fire periodar: 1150–1190, 1250–1290, 1350–1400 og 1440–1473. Ho hevdar at Lödöse alt frå oppkomsten ved midten av 1000-talet var i det skandinaviske urbane systemets øvste sjikt på grunn av fjernhandelsfunksjonane (s. 76). For den første perioden, 1150–1190, konstaterer Harlitz at myntinga i Lödöse var på veg ut av eit norsk monetært system og inn i eit svensk (s. 80). Dette blir tolka som uttrykk for at svensk riksmakt hadde nådd fram til Göta Älv (s. 87). I perioden 1250–1290 begynte borgbygginga i Lödöse og Harlitz tolkar dette som eit uttrykk for andre etappe i Lödöses overgang frå norsk til svensk interessesfære (s. 102). Borga indikerar også at ei riksgrense mellom rika blei etablert ved Göta Älv (s. 103). Den tredje perioden er åra 1350–1400 og nå blir Lödöses posisjon redusert gjennom bortfall av myntinga (s. 107). Med dronning Margrete blei også den kongelege besøksfrekvensen mindre, og Kalmarunionen førte til at Lödöse kom i periferien (s. 117). Den fjerde og siste perioden som blir undersøkt er åra 1440–1473. Perioden endar med at Lödöse mista sin status som fjernhandelsby til Nya Lödöse. Det gav betre plassering i forhold til Västergötland og den aukande handelen med Nederlanda, og motverka handelen med Konghelle og Varberg (s. 122).

Det siste kapitlet, "Epilog", tar for seg perioden 1473 og fram til Lödöse blei nedlagt i 1646. Her drøftar Harlitz to tidlegare tolkingar. Sven Lilja, som vektlegg statens manglande evne til strategisk bypolitikk, og Nils Ahlberg, som tolkar tidas bypolitikk som styrt av overordna strategiske mål. Harlitz hevdar på si side at det fanst ein ambisjon om å driva statleg bypolitikk, men

at det ikkje gjekk ei rett line mellom det politiske vedtaket og det faktiske resultatet (s. 132). Lödöse på 1500-talet var, i følge Harlitz, ein mikroby. Tap av posisjon innanfor funksjonane slik dei er målte i modellen for det dynamiske urbane systemet forklarar Lödöses undergang, ikkje krigshandlingar under Hannibalsfeiden og riksrådets uvilje mot Lödöse, slik Carl af Ugglas hevda.

Det er eit avgjerande punkt i Harlitz' argumentasjon at Lödöses historie tidlegare er tolka innanfor den svenske nasjonalstatens grenser ved tidspunktet for freden i 1658 (s. 31). Når Harlitz brukar inndelingar i regionar har det som føremål å lausriva urbaniseringa frå rikssamlingsperspektivet (s. 65). Viken er ein slik region innanfor det norske området, der Oslo, Borg, Skien, Tønsberg og Konghelle, i følge Harlitz, oppstod som urbaniserte plassar på 1000-talet som del av den norske kongemaktas behov for politisk markering. Det er likevel overraskande at Harlitz ikkje dørfar at Viken-området tradisjonelt blir rekna som ein region under dansk hegemoni. Det saknast også ein diskusjon av bydanningsprosessen med grunnlag i sagaenes framstilling, der det er dei norske kongane som dannar byane. Det kunne ha blitt ein interessant diskusjon i denne avhandlingen om også sagaforfattarane har konstruert eit nasjonalt paradigme for urbanisering.

Kongelege besøk blir av Harlitz nytta til å avgjera Lödöses posisjon som by, og kong Sverres besøk i Lödöse 1176–1177 blir rekna i ein slik samanheng (s. 85). Harlitz vurderer likevel ikkje kva slag rolle og autoritet Sverre har, men slår fast at "...Sverre blev kung 1177" (s. 77). Sverres kongetittel på dette tidspunktet var neppe anerkjent, og at han var i Lödöse kan etter mitt syn ikkje setjast i samband med kongeleg besøk. Harlitz siterer den omsette versjonen av Sverres saga, og at Sverre fekk "mye slit og strev". Men i den norrøne tekstutgåva av Sverres saga står: "Or Konunga-hello for han til Liöðhusa oc fecc mikit vas oc ærvaðe. Hann kom til Eystra Gautland við mikille mæðe."<sup>1</sup> Dette tyder heller at Sverre møtte motstand og at han ikkje var velkommen i Lödöse. Først da han kom vidare var han trygg. At Sverre bevegar seg over det som, i følge Harlitz, ettertida har oppfatta som ei riksgrense (s. 86), kan tolkast som at det på Sverres tid nettopp var ei grense her. Etter at han hadde kryssa grensa, søkte han først tilflukt i Lödöse, men måtte straks reisa vidare. Kong Magnus Erlingsson oppheld seg samstundes i Konghelle. Han var norsk konge og kunne ikkje kryssa grensa som ein fredlaus. Etter 1179 er Sverre heller ikkje i Lödöse, men fleire gonger i Konghelle. Lödöse som tilfluktstad for norske fredlause kan også forklara Ribbungane sitt opphald i byen i 1227. Ikkje fordi at norsk "inflytande fortfarande gjorde sig gällande

1. G. Indrebø (red.), *Sverris saga* (Kristiania 1920) s. 6

i så måtto att norske tronpretendenter och kungsmänn kunde röra sig fritt i området...”, slik Harlitz tolkar det (s. 98), men fordi opprørarar søkte tilflukt i eit anna rike. Harlitz overdriv desse episodane som uttrykk for norsk innflytelse i området i siste del av 1100-talet. Ei alternativ tolking er at området låg utanfor den norske kongens kontroll og dermed kunne norske fredlause søkja tilflukt der.

For seinmellomalderen blir derimot denne innflytelsen underdriven ved Harlitz' behandling av det norske kongevalet av Kristoffer i Lödöse i 1442. Til spørsmålet om kvifor valet fann stad i byen gir Harlitz opp og hevdar at det manglar kjeldemateriale (s. 119). Her ser Harlitz bort frå den tradisjonen for slike møte som Lödöse hadde, og som Carl af Ugglas dokumenterer.<sup>2</sup> Frå norsk side finst både eit fullmaktsbrev for nemndemenn til kongevalmøtet i Lödöse, og nemndemennenes fullmaktsbrev til det norske riksrådet. I forhold til Lödöses posisjon i det dynamiske urbane systemet (tabell, s. 125) er det, med bakgrunn i valmøtet for Kristoffer, vanskeleg å sjå grunnlaget for å redusere byens politiske sentrumsfunksjon i perioden i den grad Harlitz gjer.

Både tolkinga av kong Sverres og Kristoffers opphald i Lödöse er vesentlege fordi grenseproblematikken er avgjerande for Harlitz' analytiske tilnærming til byens historie. Harlitz skriv at ”Det er alltså från mittan av 1500-talet och framåt, som Göta älv kan sägas få politisk och symbolisk betydelse som en riksgrens mellan två stater”, og at det først er nå handelen over Göta älv kan omtalas som grensehandel (s. 135 resp. 136). Det er uklart om Harlitz her skil mellom mellomalderens kongerike og staten i tidleg nytid, eller om Harlitz meiner at Göta älv hadde vore ei grense i mellomalderen. For det blir også hevda at Göta älv i høgmellomalderen meir og meir kom til å likna *boundaries*, som ”motsvarar en fysisk avledad statsråtslig gräns” (s. 58). Kva innhald Harlitz legg i begrepet riksgrense blir ikkje mindre forvirrande utifrå opplysningane om at Göta Älv gjorde seg særleg gjeldande ved opprettinga av erkesetet i Uppsala i 1164, og at denne ”riksgrensen” blei ytterlegare stabilisert på 1200-talet (s. 64). Harlitz viser også til grensejusteringar sør for elvemunningen mot Danmark i første del av 1200-talet (s. 63). Om nordiske grenser og grenseproblematikk er det ein rikhaldig litteratur referert i *Kulturhistorisk Leksikon för nordisk Middelalder* under ”Rigsgrense”. Men i Harlitz avhandling er dette referanseverket bare nytta for ein artikkel om dominkanareordenen (J. Gallén) og ein om Karlskrøniken (J. Rosén).

I avhandlingas epilog blir det sagt at eit vesentleg moment for Lödöses siste tid (1473–1646) var ”...framväxten av nationella urbana system, som ersättning för det gemensamma skandinaviska, och städernas strävan att passa in

2. Carl af Ugglas, *Lödöse: (gamla Lödöse): historia och arkeologi* (Göteborg 1931) s. 50–52.

i de nya systemen" (s. 128). I diskusjonen om teorien om urbana system blir det vist til at det i Europa i mellomalderen oppstod fleire urbane subsystem. Her er det vist til byane i Nord-Italia som eitt system, Champagne-regionen i Frankrike som eitt, og Flandern som eit tredje. Deretter blir det sagt at det austfranske systemet forsvann på 1200-talet, og "*Hansan* kom till" (s. 49). For Lödöse blir hansaen tillagt så stor vekt at Harlitz burde hatt ein breiare diskusjon om kva hansaen var, gjerne med bakgrunn i enkelte hanseatiske byars sterke autonomi, og ikkje minst korleis Harlitz meiner at skandinaviske byar utgjorde eit subsystem, "særskilt frå 1200-talet och framåt i och med Hansans framväxt" (s. 49). Harlitz hevdar at urbaniseringa i dei skandinaviske byane var del av eit felles subsystem koplå til andre europeiske subsystem, men at den auka betydninga av riksgrensene førte til at det skandinaviske systemet blei erstatta av eit nasjonalt på 1500-talet. Men kva med den norske bylovgivinga som frå siste del av 1200-talet var samlande for alle norske byar, hadde den ingen betydning innanfor eit større skandinavisk subsystem? Ei drøfting av utviklinga av bylovgivinga i mellomalderen manglar i Harlitz avhandling, og dette gjeld også middelalderbyanes grad av sjølvstyre.

Etter mi meining kan vi setja fram ein alternativ forklaringsmodell for byutviklinga i seinmellomalderen, og da på bakgrunn av i kor stor grad byane utvikla seg mot autonomi. I enkelte område kom denne utviklinga langt, slik som i dei norditalienske og i ein del av dei nordtyske byane, i andre var den territoriale makta sterk nok til å kontrollera bysamfunna. Den autonome byen var dermed ei alternativ styringsform, og eit alternativ til riksdanning og fyrstemakt på same måte som kongedøme var eit alternativ til imperium. I tidleg nytid førte den europeiske statsdanninga i Nord-Europa til at utviklinga mot autonome byar og bystatar blei reversert, og dermed kom også eit tilbakeslag for det hanseatiske urbane systemet. Det hanseatiske forbundet kunne dermed ikkje lenger ta del i maktkampen mellom kongerike.

For Harlitz er det sentralt at grensa mellom det norske og svenske riket var open, og til å underbyggja dette blir det vist til til fem brev frå perioden 1410 til 1447, der jordeigarar som er borgarar i Lödöse, donerer og skiftar jordeigedom som fanst på andre sida av elva eller i det øvrige rurale omlandet omkring Lödöse. Av desse breva drar Harlitz følgjande slutning: "Detta förstärker de tidigare framförda påståendena att Lödöse var integrerat med kommunikationsnätet som nådde Västergötland västerifrån samt att Lödöse stad ingick i ägostrukturen i det medeltida norska kungadömet" (s. 123). Men breva er, slik eg les dei, privatrettslege dokument frå seinmellomalderen og seier ingenting om forholdet mellom det norske og svenske riket eller horisontal regional kommunikasjon.

Breva kan derimot kasta lys over bystyringa, ettersom både begrepa borgarmeister og borgarar er nemnde. Carl af Ugglas har ein brei gjennomgang

av bystyre og rådhuset i Lödöse. Også Carlson og Ekre nemner rådhuset i sin rapport. I mellom dei politiske funksjonane Harlitz har valt ut inngår derimot ikkje bystyringa, endatil denne altså har klare belegg i kjeldene både som rådmenn, borgarmeistrar og rådhus. Harlitz skriv endatil at Lödöses administrative funksjonar blei manifestert gjennom borga, og som "med tiden kom att ersättas av stadens rådstuga" (s. 43), og dette understrekar at avhandlinga burde ha tatt opp sjølvstyreorgan som parameter for Lödöses plassering innanfor det dynamiske urbane systemet. Borga er jo nettopp eit element som Harlitz undersøker.

Harlitz burde ha drøfta om bystyrets politiske stilling hadde betydning for anlegget av Nya Lödöse. Passa det betre for den politiske riksmakta å flytta byen til munningen av Göta Älv, enn å investera i den eksisterande byen, slik Harlitz skriv (s. 124), eller var det borgaranes bekymring for fjernhandelen som var bakgrunnen for flyttinga? Den siste tolkinga kan vera med til å forklara et det var to borgarmeistrar frå det gamle Lödöse som framførde ønske om at den nye byen skulle ta namnet Nya Lödöse (s. 124).

Det er ein styrke ved avhandlinga at Harlitz viser vilje til å diskutera Lödöse i eit skandinavisk perspektiv og på grunnlag av forskning om skandinavisk bydanning, og Harlitz skriv ein god fagleg prosa. Hovudinnvendningane mot avhandlingas konklusjonar er for det første at riksgrenseproblematikken kunne ha blitt grundigare undersøkt. For det andre burde utviklinga av bystyre blitt trekt inn som ein sentral variabel til å måla Lödöses plassering innanfor modellen for det dynamiska urbana systemet. Ein kan kanskje hevda at Harlitz her har utelukka eit av mellomalderurbaniseringa mest karakteristiske element.